

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 27.10.2022, kl. 09:00-15:30
MØTESTAD: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Mariann Hundsnes	Varamedlem tilsette
Eiliv Berdal	Observatør

Forfall

Randi Aven, styremedlem

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Asle Kjørtaug, fagdirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Tone Holvik, stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Børge Stavland, avdelingssjef

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
051/2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden
052/2022	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 07.09.2022
053/2022	Administrerande direktør si orientering
054/2022	Rapportering frå verksemda per september 2022
055/2022	Leiinga sin gjennomgang 2. tertial 2022
056/2022	Risikostyring 2022 – rapportering 2. tertial
057/2022	Revidert økonomisk langtidsplan 2023-2027
058/2022	Oppretting av valstyre i samband med val av tilsette sine representantar til styret i Helse Førde HF
059/2022	Retningslinjer for leiarløn i Helse Førde
060/2022	Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF
061/2022	Plan for internrevisjon i Helse Vest og Helse Førde 2023-2024
Saker til orientering:	
062/2022	Nye Førde sjukehus - løypemelding
063/2022	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styremøte starta med omvisning i Livabygget.

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

Sak 051/2022 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden.

- Randi Aven hadde meldt forfall
- Varamedlem Mariann Hundsnes var innkalla
- Nye dokument utdelt:
 - Samhandlingskonferansen 1.-2. november
 - Brev til styret frå pensjonistlaga i Stad kommune
 - Høyringssvar - regional utviklingsplan
 - Drøftingsprotokoll til sak 059/2022 Retningslinjer for leiarløn i Helse Førde

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 052/2022 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 07.09.2022

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 07.09.2022.

Sak 053/2022 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om nytt punkt 8: Stenging av Lærdalstunnelen.

Arild Krogh Nøstdal vert konstituert i 50% stilling som stadleg leiar ved Nordfjord sjukehus. Han byrjar i stillinga medio november 2022. Tone Holvik sluttar i stillinga 30. november.

Kvalitetsprisen 2022 vart gitt til ambulansesjef Stian Sægrov, for hans innsats med å modernisere ambulansetenesta i Sogn og Fjordane.

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt over aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**
- 4. Stadleg leiar Nordfjord sjukehus**

Styreleiar Krakhellen viste til brev frå pensjonistlaga i Stad kommune. Svarbrev blir sendt.

Styret kommenterte at vi må finne ei varig løysing på stillinga som stadleg leiar.

5. MR

Adm. direktør Varden orienterte om MR i Førde sentralsjukehus og MR i Nordfjord sjukehus. Vi har samla kapasitet på fire MR, derav to ved Førde sentralsjukehus, ei ved Lærdal sjukehus og ei ved Nordfjord sjukehus.

Nordfjord sjukehus:

Det har vore tekniske utfordringar med MR i Nordfjord sjukehus. Kjøp av ny opsjon går ut 31.12.2022. Dersom vi nyttar opsjonen vert det ein kostnad på omlag 10 mill. Avgjerd må takast innan desember. Prosessen med å få på plass ny maskin kan ta minst eit år.

Styret kommenterte at det kan virke fornuftig å bruke opsjon, men utfordrande med 10 millionar som må takast frå eit anna område i budsjettet.

Førde sentralsjukehus:

MR kjem 3. november 2022, ferdig installert 22. november 2022.

6. Psykisk helsevern - status

Direktør Tvedt orienterte om status i henvisningskurve for Psykisk helsevern barn og unge. Frå 2021 til 2022 er kurva no dalande, og det er positiv utvikling. Det viser att i dalande ventetider. Avvisingsprosenten er låg.

Psykisk helsevern vaksne viser 10-15% i henvisningskurve. Ventetider var nede i 18 dagar i september. Løyser 77% innan 30 dagar.

7. Oppfølging av rapport barnehabilitering

Fagdirektør Kjørlaug orienterte om status knytt til barnehabilitering.

Rapport HABU: Psykologkompetanse

Ved statsforvaltaren sitt tilsyn i desember 2021 var begge psykologstillingane i Barnehabiliteringa vakante. Seksjonen lukkast ikkje å hente inn vikar før seint i 2021, då hadde psykologstillinga vore vakante i omlag seks månader.

Utfordringane på psykologsida vart løyste med tilsetjing i begge stillingar frå januar 2022, og normalisering av kapasitet gav klar betring av ventetide vinter/vår 2022. Helse Førde vurderer situasjonen som forsvarleg, då prioriterte utgreiingar og oppfølging vart gjennomført.

Rapport HABU: Legekompetanse

Legedekninga i HABU var forsvarleg under tilsynet, men det vart peika på behovet for betre kontinuitet og kapasitet. Helse Førde vurderer at status med omsyn til legeside var tilfredsstillande.

Rapport HABU: Arbeid med å styrke/auke prioriteten til habiliteringstenestene

Helse Førde driv eit eige utviklingsprosjekt for habilitering og rehabilitering. Pga pandemien har HABU i Helse Førde ikkje starta arbeidet for då bygge opp eit tilbod om intensiv habilitering for born med hjerneskade.

8. Stenging av Lærdalstunnelen

Adm. direktør Varden orienterte om stenging av Lærdalstunnelen.

Avbøtande tiltak i stengingsperioden:

- Hurtigbåt mellom Aurland og Fodnes

- Utbetring av veg over fjellet
- Vegvesenet jobbar med fleire forslag som skal presenterast på folkemøta

Konsekvensar for tilsette ved sjukehuset og pasientar:

I stengingsperioden har Aurland ingen tilgang til ambulanse i Lærdal. Pasientar kjem seg ikkje til behandling. For tilsette er det usikkert om det let seg gjere å pendle til Lærdal i denne perioden.

Styret kommenterte at det er viktig at Helse Førde er tett på i den vidare prosessen.

LUKKA DEL:

Helseføretakslova § 26a, 2. ledd nr. 1

9. Orientering om pasientsak

Direktør Tvedt orienterte om pasientsak.

10. Informasjon om personalsak

Del 1: Fagdirektør Kjølraug orienterte om handtering av B-preparat i medisinerom i Helse Førde.

Del 2: HR-direktør Skjelten orienterte om personalsaka.
Frå leiinga deltok Varden, Kjølraug og Skjelten.

OPEN DEL:

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 054/2022 Rapportering frå verksemda per september 2022

Oppsummering:

Administrerande direktør Varden innleia rapporteringa

- Utviklinga og tal fristbrot i Helse Førde er framleis alvorleg, sjølv om september syner ei betring i høve føregåande månader
- Det er registrert 382 nye fristbrot i september
- Aktiviteten for september var lågare enn budsjett
- Hovudårsaka til avvik frå budsjett er vesentleg høgare løns- og personalkostnader, samt lågare aktivitet
- Pasientflyten viser at tal avslutta forløp er noko lågare enn tal nyttilviste pasientar som ventar på å starte behandling har gått opp, og er no 11 prosent høgare enn same periode i fjor

- Samla sjukefråvær var 6,1 prosent i august, som er ei positiv utvikling
- Resultat i september vart 0,1 millionar, som er 2,4 millionar lågare enn budsjettet
- Resultat til no i år er 47,9 millionar bak budsjett
- Godt nøgd med utviklinga, og dette tryggar prognosen som er kommunisert på mellom 60-70 millionar bak budsjett
- Forslag til statsbudsjett 2023 medfører lågare ramme for spesialisthelsetenesta
- Tiltak for å redusere styringsfarten pågår for fullt i klinikkane. Det er framleis eit mål av tiltaka ikkje skal gå ut over kjerneoppgåvene våre

Aktiviteten - overordna pasientflyt per september viser:

Nytilviste 5 956 (-7%)	Ventelistekø 7 254 (11%)	Totalkø 44 286 (7%)	Avslutta 5 670 (-9%)
---------------------------	-----------------------------	------------------------	-------------------------

Kst. fagdirektør Kjølraug orienterte om: Fag og kvalitet

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser: 85 dagar i somatikk, 35 dagar i PHV, 43 dagar i PBU, 25 dagar i TSB
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, viser reduserte ventetider i somatikk, og bedring i PHV
- Fristbrot oppstått i perioden, viser 382 nye i september, svarande til 18,8 prosent

Utfordringa er stor, men det er nokre positive trendar:

- Vi gir tilbod til mange pasientar med fristbrot
- Vi oppretta samarbeid med Helse Vest sin innkjøpsordning
- Ny nevrolog tilsett denne veka
- Estimat: Vi ligg omtrent ein måned på etterskot for å nå måltala

Ortopedisk avdeling – ortopediklinikken i Lærdal:

- Ortopedisk avdeling har lang ventetid og flest fristbrot
- Ortopediklinikken i Lærdal
 - Opererer mange kneproteser og er spesialisert for å tilby dette
- Ortopeditilbodet i Lærdal bør i aukande grad integrerast inn i totaltilbodet som ortopedisk avdeling yter for heile Helse Førde

Direkte time:

Helse Førde viser 79% for direkte timetildeling i september, og vi har stort fokus på dette.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet og økonomi

Resultatet i september er positivt med 0,1 millionar kroner, som er 2,4 millionar kroner svakare enn budsjett. Aktiviteten er lågare enn budsjett. Løns- og personalkostnader er i perioden 7,4 millionar høgare enn budsjett.

Resultatet hittil i år er minus 25,4 millionar kroner, som er 47,9 millionar bak budsjett. Samla meirforbruk knytt til løn- og personalkostnader er 46,1 millionar kroner så langt i år.

HR-direktør Skjelten orienterte om sjukefråvær i Helse Vest, som viser at Helse Førde har lågast sjukefråværs-prosent. Vi kan forvente stigande sjukefråvær utover hausten, grunna sesonginfluensa.

Styreleiar Krakhellen sa at det er ei klok tilnærming at ein også held tilbake på overordna nivå, ved å konstituere stadleg leiar.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per september 2022 til vitende.

Sak 055/2022 Leiinga sin gjennomgang 2. tertial 2022

Oppsummering:

Leiinga sin gjennomgang for Helse Førde HF, saman med klinikkane sin gjennomgangar, gir eit godt bilete av stoda i føretaket. Helse Førde har særskilt utfordringar knytt til ventetider og fristbrot, tilgang på nok personell og økonomi. Det vert arbeidd med tiltak på alle desse områda.

Gjennomgangen syner status for desse tema:

1. Status med oppdrag i styringsdokumentet
2. Kvalitetsindikatorar med kommentarar
3. Vurdering av tilstrekkelege ressursar og kompetanse
4. Vurderingar av risikoane i føretaket med tiltak innan
 - a. Kvalitet og pasienttryggleik
 - b. Medarbeidardimensjonen
 - c. Økonomi
5. Utviklingsarbeid og endringar i tenestetilbod
6. Administrerande direktør si vurdering

Adm. direktør Varden orienterte om leiinga sin gjennomgang.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek Leiing sin gjennomgang 2. tertial 2022 til orientering.

Sak 056/2022 Risikostyring 2022 – rapportering 2. tertial

Oppsummering:

Risikostyringa i 2022 omfattar dei fem risikoområda som Helse Vest har peika ut; legemiddelområdet, IKT og informasjonssikkerheit, vald og trugslar mot tilsette, ekstern turnover og uønskt variasjon (radiologi og ortopedi). I tillegg er rekruttering og økonomistyring valt ut av administrerande direktør som særskilte risikoområde i Helse Førde.

Risikostyring for 2. tertial 2022 viser særskilt høg risiko innan områda økonomi, rekruttering og legemiddel. Det er sett i verk, og blir arbeidd med, tiltak og kontrollaktivitetar for å redusere risikoen.

Adm. direktør Varden orienterte om risikostyring. Føretaket har meir fokus på IKT og informasjonstryggleik.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapportering for risikostyring 2. tertial til orientering og ber administrerande direktør særskilt følgje opp områda med høg risiko.

Sak 057/2022 Revidert økonomisk langtidsplan 2023-2027

Oppsummering:

Helse Vest har bedt alle føretaka revidere sine økonomisk langtidsplan 2023-2027 (ØLP) som vart vedtekne i mai. Årsaka er resultatavvik i forhold til budsjett og forventa strammare rammer framover, noko som utfordrar likviditeten i konsernet. Hovuddrivarane bak utviklinga er auka inflasjon, høgare lønnsoppgjer og auka rentebane, samt effektar knytt til pandemien. Dette påverkar investeringsevna til føretaka. Situasjonen er lik i alle føretak i Helse Vest, og ein ser tilsvarande bilete i resten av landet.

- Når det gjeld drift viser prognosen for 2022 eit resultat som er mellom 60 og 70 millionar bak budsjett.
- Andre vesentlege forhold er at forslag til statsbudsjett medfører ei innstramming på 50 til 75 millionar.
- Når det gjeld investering brukar Helse Førde årleg om lag 50 millionar i vedlikehaldsinvesteringar.

På grunn av lågare investeringsevne som følgje av resultatutviklinga og auka kostnader på vedtekne byggeprosjekt, har ein derfor måtte utsetje og ta ned investeringsnivået.

Dette er likevel ikkje tilstrekkeleg til å gjennomføre Livabygget og Svana 1. Helse Førde må av den grunn auke lån av bereevne og likviditet frå Helse Vest.

Adm. direktør Varden innleia ØLP om møter med tillitsvalde, inflasjon og renteauke, og investeringar i Nye Førde sjukehus. Vi treng hjelp på bæreevne dei to næraste åra. Modernisering av m.a. akuttmottak, intensiv og teknisk anlegg må utsettast.

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om: Prognose, likviditet og budsjett

Prognose 2

Ny prognose er utarbeida som eit ledd i budsjettarbeid 2023. Dette tryggar prognosen på ei avvik på 60-70 mill.

Adm. direktør Varden orienterte om:

- Rammevilkår. Førebels ramme frå HV var ein vekst på 42,5 mill.
- Det kan bli framlagt fleire revidert ØLP

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om:

- Førebels godkjende realendringar
- På HFD-nivå
- Forslag til statsbudsjett 6. oktober – hovudpunkt
 - Sjukehusa blir styrka med samla 2 437 mill. kroner
 - Pris- og lønsauke 3,8%
 - Auke løns- og prisvekst i 2022 kompenserast ikkje i 2023. Dette inneber ein reel nedgang.
- Status likviditet – vil ha behov for auka internlån for å fullføre Nye Førde sjukehus
- Kvifor revisjon av ØLP?
- Konsekvens er at auka lån vil medføre auka rentekostnader og dermed høgare innsparingskrav på drifta.
- Andre konsekvensar
- Kva handlingsrom har HFD? Forskyve/utsette Svana 2 og 3, og endra investeringsplan

Adm. direktør Varden trekte framlegg til vedtak (punkt 1 – 6) og la fram nytt framlegg til vedtak punkt 1 – 4, som vart utdelt i møte.

1. Styret vedtek revidert økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2023 – 2027.
2. Styret held fast på opprinneleg resultatkrav i tidlegare ØLP.

	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Resultatkrav vedtatt ØLP	30 000	21 000	-2 000	-40 000	-35 000	-38 000
Prognose	-70 000	-35 000				
Forventa resultat	-40 000	-14 000	-2 000	-40 000	-35 000	-38 000

3. Styret vil vedta detaljert budsjett for det enkelte år i dei årlege budsjettbehandlingane.
4. Styret ber administrerande direktør søke Helse Vest RHF om samla bereevne på 500 mill. kroner.

Votering:

Adm. direktør Varden sitt nye framlegg til vedtak punkt 1 – 4 vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtek revidert økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2023 – 2027.
2. Styret held fast på opprinneleg resultatkrav i tidlegare ØLP.

	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Resultatkrav vedtatt ØLP	30 000	21 000	-2 000	-40 000	-35 000	-38 000
Prognose	-70 000	-35 000				
Forventa resultat	-40 000	-14 000	-2 000	-40 000	-35 000	-38 000

3. Styret vil vedta detaljert budsjett for det enkelte år i dei årlege budsjettbehandlingane.
4. Styret ber administrerande direktør søke Helse Vest RHF om samla bereevne på 500 mill. kroner.

Sak 058/2022 Oppnemning av valstyre i samband med val av tilsette sine representantar til styret i Helse Førde HF**Oppsummering:**

Forskrifta for val av dei tilsette sine representantar til styret vart sett i verk i 2003. Førre val var gjennomført i februar 2021.

Styret utnemner representantar til valstyret som får i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med "Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetak og helseforetaks styrer".

Vedtak (samrøystes):

1. Det vert oppnemnd valstyre for val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde HF. Medlemmar av valstyret vert:
 - Mariann Hundsnes, hovudtillitsvald Fagforbundet
 - Clarence Johnpillai, føretakstillitsvald Dnlf

- Inger Johanne Sætenes, seksjonsleiar HR-rådgjeving
2. Valstyret vel leiar og nestleiar når valstyret har konstituerande møte. Val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde og Helse Vest sitt styre vert å gjennomføre på ein best mogleg samordna måte for å utnytte ressursane og avgrense kostnadene så langt dette er mogleg.
 3. Valet tek sikte på å vere gjennomført innan utgangen av februar 2023.

Sak 059/2022 Retningslinjer for leiarløn i Helse Førde

Oppsummering:

Retningslinjene skal bidra til å oppnå føretaket sitt mål, samstundes som offentlege midlar blir nytta effektivt. Sentralt i retningslinjene er at godtgjersla for leiarar ikkje skal vere lønsleiande, men konkurransedyktige slik at føretaket klarer å rekruttere og halde på gode leiarar.

Helse Førde har ein vedtatt lønspolitikk. Føretaket bør, i tillegg til dei generelle retningslinjene for lønspolitikk, ta i bruk retningslinjer for leiarløn i føretaket sin styrande dokumentasjon som legg til grunn tilsvarande prinsipp som dei regionale retningslinjene. Utkast til retningslinjer for løn til leiarar på nivå 1 og 2 i Helse Førde skal drøftast med tillitsvalde og verneombod 26.10.2022.

HR-direktør Skjelten orienterte om retningslinjer for leiarløn.

Vedtak (samrøystes):

Styret sluttar seg til rådet om at Helse Førde tar i bruk retningslinjer for leiarløn som legg til grunn tilsvarande prinsipp som dei regionale retningslinjene.

Sak 060/2022 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF

Oppsummering:

Frå 2016 har «Årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta for styret i Helse Førde HF» vore ei fast styresak. Dette for å sikre god kunnskap og oversikt, også at ein jamnleg skal kunne oppdage endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta. Dokumenta «Vedtekter» og «Retningslinjer for leiarløn» er endra sidan førre årlege gjennomgang.

Styreleiar Krakhellen sa at styret kan ta opp nokon av dei styrande dokumenta i eit styreseminar.

Vedtak (samrøystes):

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande styrande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 23.02.2022
- b. Styreinstruks for Helse Førde HF, revidert 05.09.2018
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 02.09.2020
- d. Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF, revidert 2021
- e. Omtale av delegasjons- og fullmaktsregime i Helse Førde, revidert 2021
- f. Rettleiar for styrearbeid i helseføretak, revidert 26.09.2019
- g. Ethiske retningslinjer for Helse Førde
- h. Retningslinjer for leiarløn, oppdatert/jf. styresak 059/2022

**Sak 061/2022 Plan for internrevisjon i Helse Vest og Helse Førde
2023-2024**

Oppsummering:

Helse Førde og Helse Vest har to-årige revisjonsplanar som vert rullerte kvart år. Det regionale helseføretaket har bede føretaka om innspel i samband med si rullering, medan Helse Førde sin revisjonsplan vert lagt fram for vedtak.

Plan for internrevisjon i Helse Vest inneheld:

- Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge
- Brukarmedverknad i føretaka
- Bruk av avtalespesialistar
- Tryggare legemiddelhandtering med utgangspunkt i registrerte alvorlege feil og hendingar
- Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy
- Administrasjon av pasientar på venteliste
- Koordinering av luftambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag i Helse Vest

Plan for internrevisjon i Helse Førde inneheld:

1. Forsking – etterleving av kvalitetsstyringssystemet for forskning og innovasjon
2. Dokumentasjon pasientjournal
3. Avvikling av tentative timar
4. Beredskap
5. Systematisk HMS – arbeid, ergonomi – forfyttingsteknikk
6. Systematisk HMS – arbeid, handtering av konflikhtar
7. Utlokalisert pasient
8. HMS – bruk av tolk

I tillegg årlege revisjonar:

9. Legemiddelhandtering og tilverking av legemidler
10. Informasjonssikkerheit
11. Miljøstyringssystemet
12. Kvalitetsstyringssystemet
13. Smittevern

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om plan for internrevisjon i Helse Vest og Helse Førde.

Styret kommenterte:

- *Plan for internrevisjon er styrets verktøy*
- *Dette kan vere tema i eit styreseminar, for å ha ein felles forståing*

Adm. direktør Varden sa at han vil ta kontakt med dei andre helseføretaka om korleis dei organiserer dette.

Framlegg til vedtak:

1. Styret godkjenner plan for internrevisjon for Helse Førde 2023-2024, med dei kommentarar som har kome fram i møtet.
2. Styret ber om at administrerande direktør overfor Helse Vest stadfestar saka som Helse Førde sitt innspel til internrevisjonsplan for Helse Vest 2023-2024, med dei kommentarar som har kome fram i møtet.

Styret hadde følgjande retting og tilleggspunkt:

Siste del av setning etter komma utgår i punkt 1 og 2.

Nytt punkt 3:

Styret legg til grunn at internrevisjonen regionalt og lokalt ivaretek handlingar knytt mot dei risiko-områda som Helse Vest RHF har vedteke.

Votering:

Styret si endring i siste del av punkt 1 og 2, samt nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner plan for internrevisjon for Helse Førde 2023-2024.
2. Styret ber om at administrerande direktør overfor Helse Vest stadfestar saka som Helse Førde sitt innspel til internrevisjonsplan for Helse Vest 2023-2024.
3. Styret legg til grunn at internrevisjonen regionalt og lokalt ivaretek handlingar knytt mot dei risiko-områda som Helse Vest RHF har vedteke.

Saker til orientering:

Sak 062/2022 Nye Førde sjukehus - løypemelding

Oppsummering:

Prosjektet går godt, framdrift er som planlagt og dialogen med Veidekke er god. Kranselag vart gjennomført 21. oktober.

Veidekke slår i sin rapport for september fast at det ligg føre eit godt grunnlag for å lukkast i den vidare gjennomføringa av prosjektet.

Styrevedtaket i Helse Vest i samband med økonomisk langtidsplan utfordrar helseføretaka på å vurdere konsekvensar av å utsetje investeringar. Nye Førde sjukehus sine innspel til den økonomiske langtidsplanen har med seg følgjande prinsipp og hovudpunkt:

- Konsekvens av kostnadsutviklingsindeks for byggebransjen må takast inn.
- Livabygget og Svana 1 må ferdigstillast med 10 operasjonsstover slik at vi får eit operativt og godt Livabygg, sjølv om delar av Svana 2 og Svana 3 kan bli utsett.
- Det må gjennomførast nokre tiltak knytt til Svana 2 og Svana 3 slik at vi kan trygge ein god driftssituasjon, sjølv om tunge prosjekt i Svana 2 og Svana 3 no kan bli utsett. Mellom anna vil vi etablere observasjonspost i Svana som følgje av nedtak i sengetal ute i sengepostane.

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om status i månadsrapporten om Nye Førde sjukehus.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Sak 063/2022 Eventuelt

Styreleiar Krakhellen orienterte om at eit mulig styreseminar i Bergen i november ikkje blir no. Vi ser dette an på eit seinare tidspunkt.

Det blir eit felles møte mellom styret og brukarutvalet 24. november.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt til styret:

- Samhandlingsnytt september 2022
- Referat frå felles brukarutval i Sogn og Fjordane 14.09.2022

Følgjande skriv og meldingar var utdelt i møtet:

- Samhandlingskonferansen 1.-2. november
- Brev til styret frå pensjonistlaga i Stad kommune
- Høyrings svar regional utviklingsplan
- Drøftingsprotokoll til sak 059/2022 Retningslinjer for leiarløn i Helse Førde

Ref. Berit Irene Haarklau
27.10.2022

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Mariann Hundsnæs	Varamedlem tilsette